

Emnenr. 85.

Fylke: N. Trondelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik.

Emne: Tradisjonar, tvei og segner
ring jeger og jaktdeyr

Bygdelag: Leksvik sokn.

Oppskr. av: Johan Moan,

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dei fleste spørsmåla her er eg ikkje klar for å giwa noko positivt svar på. Eg har heller ikkje høyrd far min, som var ein ihuga jeger og fangstmann, fortelja noko som kan vera til hjelp i så måte.

Når det gjeld sp. 14, har både far og mor fortald at gjitarane i gamle dagar brukte ta av seg hestorne og slå sålane mot kvarandre for å skrama bjørnen.

Når det gjeld medisin av ornn (sp. 18) så hugsar eg som små at far min eit par gonger brukte tørka ornmjøtt til kyr som hadde skabb. Ornmjøttet, så mykje som ei halv storsild, vart finkarva og blanda i maten til kua. Det merkelege var, at kyrne også vart friske av denne kuren.

Det var visst hoggormjøtt som vart brukt, og det var av ornn som var drept tidleg om våren.

Når det gjeld sp. 25, så har eg høyrd både for min og fleire andre fortelja om folk som holla bort börsene til andre.

Men det var helst fimmkalla som quidde eit med slikt.

Det merkelege var, at det også fanns folk som truedde på slikt.

Det er sålvis ikkje meir enn 25 år sidan det døde ein eldre jeger her i Leksvik, som var heilt overtydd om at slikt kunne gå for seg.

- a -